



FYLKESMANNEN I TELEMAR

KOP

STATENS HUS, 3708 SKIEN, TELEFON 35 58 61 10, TELEFAKS 35 52 85 90

Fyresdal kommune
3870 Fyresdal

DYKKAR REF.

✓ VÅR REF. VED SVAR
99/3849/MJO/461.21 - 6

DATO 26 OKT. 2000

FORNYA LØYVE TIL UTSLEPP AV AVLØPSVATN – FYRESDAL REINSEDISTRIKT

Me syner til søknad dagsett 22.11.1999, møte 26.04.2000 og Dykkar brev dagsett 22.09.2000. Fylkesmannen har gjort følgjande

VEDTAK.:

Fylkesmannen gjev Fyresdal kommune fornya løyve til utslepp av avløpsvatn frå Fyresdal reinsedistrikt. Løyvet er gjeve i medhald av §§ 11 og 16 i forureiningslova og på vilkår som følgjer av vedlegg. Løyvet gjeld frå 01.01.2003.

Følgjande utsleppsløyve trekkast inn frå 01.01.2003 og blir då erstatta av dette:

- Utsleppsløyve for Fyresdal sentrum dagsett 13.08.1980.

Sakshandsaming

Fylkesmannen meiner saka er godt kjent for partane og at løyvet ikkje vil innebere auka belastning for miljøet. Søknaden er difor handsama etter regler om forenkla sakshandsaming i Føresegn om sakshandsaming etter forureiningslova §§ 4, 5, 6 og 7. Kommunen har hatt utkast til løyve til vurdering på førehand, og har gitt tilbakemelding til Fylkesmannen.

Forureiningsmynde

Fylkesmannen er kjent med at Telemark Springwater i samråd med Fyresdal kommune vurderer å handtere avløpsvatnet frå prosessen i eige reinseanlegg. Om dette blir realisert, vil Fyresdal reinsedistrikt kome under 1000 personeningar. Frå 01.01.2001 vil då Fyresdal kommune vere rette forureiningsmynde for reinsedistriktet, jfr. føresegn om mindre avløpsanlegg, mens Fylkesmannen vil vere forureiningsmynde for Telemark Springwater.

Tilstand og utvikling i vassmiljøet

Utsleppet frå Fyresdal reinsedistrikt går til Fyresvatn via avløpsanlegget eller via bekkar/grunnvatn. Fylkesmannen vurderer det slik at Fyresvatn er lite påverka av desse utsleppa med omsyn til overgjødsling. Overvakinga av vassmiljøet i Fyresvatn (søndre del), syner at vasskvaliteten er god (kvalitetsklasse 1) og stabil. Utsleppa er etter måten små i høve til den kapasiteten Fyresvatn har for naturleg omsetting av gjødselstoff. Det er likevel mogleg at vasskvaliteten i nærleiken av utsleppet frå reinseanlegget i periodar kan vere noko påverka.

Utslepp frå Fyresdal reinsedistrikt samanlikna med andre utsleppskjelder

Samla produksjon av forureining i reinsedistriktet er i overkant av 4000 personeiningar. I dette talet er utslepp frå Telemark Springwater medrekna. Det er noko jordbruk i dalføret nord for reinsedistriktet og attmed Fyresvatn, men truleg er reinsedistriktet den største kjelda for utslepp av fosfor (her er ikkje avrenning frå skog- og heiarealer medrekna). Tiltak for å minske utsleppa frå denne kjelda har difor verknad for samla utslepp til Fyresvatn. Fosfor er det stoffet som avgrensar planteveksten i vassmiljøet i dei fleste vassdraga i Telemark.



Miljømål

Det er ei generell målsetting i Telemark at vassdraga som minstestandard skal ha ein vasskvalitet som gjer dei godt eigna til bading, og at vassdrag med større vassforsyningsanlegg skal vere egna til vassforsyning. Det er og ei målsetting at innhaldet av oksygen på djupt vatten i sjø og vassdrag skal vere slik at det er egna som livsmiljø for fisk. Parallelt med desse målsettingane gjeld og krava i Nordsjøavtalen og EU sitt avløpsdirektiv. Fylkesmannen er ikkje kjent med at det ligg føre kommunale målsettingar for vassmiljøet.

Omtale av krav som er stilt

Krav til reinsing

I avløpsplan for Telemark er det lagt opp til at alle reinsedistrikt i fylket i løpet av nokre år skal oppfylle ein minstestandard. Minstestandarden er sett til å vere 70 prosent samla reinsegrad for reinsedistriktet. Denne minstestandarden gjeld og Fyresdal reinsedistrikt, men Fylkesmannen ser ikkje grunnlag for å skjerpe inn krava utover dette, då utsleppa etter måten er små i høve til den kapasiteten Fyresvatn har for naturleg omsetting av gjødselstoff.

Krav til tilknytning til kommunalt avløpsanlegg

Fylkesmannen har komen til at avløp frå sonene Nesland, Bergland-Berve, Væting-Moghus, Svalastog og Kåsegrend i den perioden løyvet gjeld og inntil 10 år, kan vere basera på lokale infiltrasjonsløysingar, anten som eitthus-anlegg eller fellesanlegg. Dette ut frå ei vurdering av lokale infiltrasjonstilhøve, at fellesanlegg på Bergland-Berve nyleg er opprusta og sannsynleg kostnadseffektivitet ved tilknytning av desse områda.

Krav til betre verknad av leidningsnettet

Fylkesmannen ser at krav om 70 prosent samla reinsegrad i reinsedistriktet truleg vil innebere at tiltak må setjast inn for å redusere tap frå det kommunale leidningsnettet. Det er stilt krav om at dette skal vere gjennomført før 2007.

Krav til reinseanlegget

Det er stilt same krav til reinseanlegget som for tilsvarande avløpsanlegg i Telemark. Når det gjeld verknaden for Telemark Springwater meiner Fylkesmannen at konsekvensen av dette løyvet ikkje skil seg vesentleg frå dei krav som gjeld andre næringsmiddelverksemdar, og at løyvet difor ikkje er konkurransevridande.

Utbygging av reinseanlegget og prosessvatn frå Telemark Springwater

I fleire år har det vore periodar med dårlege reinseresultat ved reinseanlegget. Det verkar ganske klart at det er utslepp av prosessvatn frå Telemark Springwater som er årsaka til dette. Det er førebels for tidlig å seie om omlegging ved reinseanlegget frå nyåret 2000 (dykka biologisk filter) gir godt nok reinseresultat, men det er grunn til å tru at det vil bli naudsynt med ei større utbygging om det kommunale reinseanlegget skal handtere prosessvatnet frå Telemark Springwater.

For at stoda med dårleg/usikkert reinseresultat ikkje skal bli for langvarig, stiller Fylkesmannen krav om at kommunen må ta stilling til utbygging av reinseanlegget før 01.10.2001. Om kommunen velgjer utbygging, må den vere gjennomført før 01.01.2003. Om kommunen velgjer å ikkje bygge ut og reinseresultatata for reinseanlegget ikkje er gode nok, må prosessvatnet frå Telemark Springwater takast av det kommunale anlegget før same dato. Eksisterande reinseanlegg vil då ha god kapasitet til dei som stend att, og truleg oppfylle krava til reinseresultat.

For at eige utsleppsløysing for Telemark Springwater skal bli aktuell, må det dokumenterast at denne løysinga kan gje like gode reinseresultat som det kommunale avløpsanlegget etter utbygging, og at det er ei betre samfunnsøkonomisk løysing. Fylkesmannen reknar med at Fyresdal kommune i samarbeid med verksemda gjennomfører dei undersøkingar og planar som er naudsynte for å ha tilstrekkeleg grunnlag for ei slik vurdering før 01.10.2001.

Krav til stans av uhellsutslepp

Til vanleg stiller Fylkesmannen krav om at uhellsutslepp i mellomstore og større reinsedistrikt skal vere stansa i løpet av 24 timar. For å oppfylle eit slikt krav må det vere etablert ei kontinuerleg overvaking-, varsling- og beredskapsordning. Fyresdal kommune har ikkje slik ordning for tekniske tenestar i dag, og kravet vil difor innebere ein vesentleg kostnad for kommunen. Etter å ha tatt omsyn til kommunestorleik, mengde sanitærvløpsvatn som er knytt til det kommunale anlegget, at tilhøva stort

sett er gode for infiltrasjon i grunnen og at hovedvassdraget er lite sårbart, har Fylkesmannen komen til at det i dette tilfellet er grunnlag for å vike frå eit slikt krav.

Lokalisering av reinseanlegget

Fylkesmannen har ikkje motteke klager på lukt, støy eller andre miljøulemper i samband med drifta av reinseanlegget. Eksisterande bygg kan difor nyttast.

Utslepp frå reinseanlegget

Fylkesmannen kjenner ikkje til at eksisterande utslepp frå reinseanlegget til djupt vatn i Fyresvatn har skapt lokale forureiningsproblem. Eksisterande utsleppsleidning kan difor nyttast.

Systematisk arbeid med helse- miljø- og tryggleik

Avløpsanlegget skal integrerast i kommunens HMS-system. Fylkesmannen er blant dei med sektormyndene som kan gjere systemrevisjon i medhald av Føresegn om systematisk HMS-arbeid i verksemdene.

Kunngjering


Søknaden er handsama etter regler om forenkla sakshandsaming i Føresegn om sakshandsaming etter forureiningslova. Kunngjering av løyvet er difor naudsynt. Kunngjeringa blir gjort av Fylkesmannen på kommunens rekning.

Klage:

Vedtaket kan påklagast til Statens Forureiningstilsyn innan 8 veker etter at løyvet er motteke. Om løyvet blir påklaga, får det ikkje verknad for det klagen gjelder før saka er endeleg avgjort. Klagen bør vere grunnngjeven og sendast Fylkesmannen.

Med helsing


Solveig Sollie


Morten Johannessen
avdelingsdirektør

Sakshandsamar: Morten Johannessen, ☎ 35 58 61 68

Vedlegg:

1. Særskilde vilkår
2. Generelle vilkår

Gjenpart m/vedlegg:

- Statens Forureiningstilsyn
- Vidar Tveiten AS

SÆRSKILDE VILKÅR

Vedlegg til utslippsløyve gitt av Fylkesmannen i Telemark

Dato: **26 OKT. 2000****INNHOLD:**

side

1	Virkeområde	
1.1	Geografisk virkeområde	
1.2	Type avløp	
2	Utsleppsramme	
2.1	Alternativ 1 - med Telemark Springwater knytt til avløpsanlegget	
2.2	Alternativ 2 - utan Telemark Springwater knytt til avløpsanlegget	
3	Utsleppstader	
3.1	Utslepp frå leidningsanlegget	
3.2	Utslepp frå reinseanlegget	
4	Planar og tiltak	
5	Krav om tilknytning til felles reinseanlegg	
5.1	Prinsipp for tilknytning	
5.2	Tilknytning av bustader	
5.3	Tilknytning av næringsverksemder	
6	Separate avløpsanlegg i reinsedistriktet - rammeløyve	
7	Krav til transportsystemet	
7.1	Forureiningstap	
7.2	Olje – og bensinutskiljing	
7.3	Fettutskiljing	
7.4	Tekniske krav	
8	Krav til reinseanlegget	
8.1	Kapasitet	
8.2	Reinseeffekt	
8.3	Omløp	
8.4	Støy	
9	Avløpslam	
9.1	Kvalitetskrav	
9.2	Slamhandtering	
9.3	Bruk av slam	
10	Utsleppskontroll	
10.1	Reinseanlegget	
10.2	Leidningsanlegget	
10.3	Krav til målingar	
11	Krav til overvaking av vassmiljøet	
12	Overskridingar	
12.1	Utslepp på grunn av uhell	
12.2	Utslepp i samband med vedlikehald og omlegging	
12.3	Avvikshandsaming	
13	Rapportering	
13.1	Årsrapport	
13.2	Rapportering av uhellsutslepp	

1. VIRKEOMRÅDE

1.1 Geografisk virkeområde

Løyvet gjeld for Fyresdal reinsedistrikt slik dette er definert på kart nr. 10.2374-001/002 som vedlegg til søknad dagsett 22.11.1999.

1.2 Type avløp

Løyvet gjeld alt avløpsvatn i reinsedistriktet som normalt blir akseptert tilført avløpsanlegg, med unntak av prosessavløp frå verksemder der forureiningstyresmaktene har stilt krav om eige utslipp på grunn av mengde eller kvalitet. Kommunen kan krevje påsleppsavtale med verksemdene.

Løyvet gjeld og som rammeløyve for eksisterande og framtidige bustader og hytter med separate avløpsanlegg innafor reinsedistriktet, jfr. punkt 6.

2. UTSLEPPSRAMME

Løyvet er gjeven i to alternativ:

2.1 Alternativ 1 - med Telemark Springwater knytt til avløpsanlegget

	2003	2007
Personeiningar i reinsedistriktet som fosfor	1600	1650
Personeiningar i reinsedistriktet som organisk stoff (KOF)	3600	3650
Utslepp av fosfor frå reinsedistriktet som del av forureiningsproduksjonen (prosent)	35	30
Utslepp av organisk stoff frå reinsedistriktet som del av forureiningsproduksjonen (prosent)	35	30
Utslepp av fosfor frå reinsedistriktet, kg P pr. år	310	270
Utslepp av organisk stoff frå reinsedistriktet, tonn KOF pr. år	43	37
Utslepp av fosfor frå reinsedistriktet, kg P pr. 100 personeiningar pr år	19,5	17,5
Utslepp av organisk stoff frå reinsedistriktet, kg KOF pr. døgn	450	380

2.2 Alternativ 2 - utan Telemark Springwater knytt til avløpsanlegget

	2003	2007
Personeiningar i reinsedistriktet som fosfor	1600	1650
Utslepp av fosfor frå reinsedistriktet som del av forureiningsproduksjonen (prosent)	35	30
Utslepp av fosfor frå reinsedistriktet, kg P pr. år	310	270
Utslepp av fosfor frå reinsedistriktet, kg P pr. 100 personeiningar pr år	19,5	17,5

3. UTSLEPPSTADER

3.1 Utslepp frå leidningsanlegget

Avlastningsoverløp frå leidningsanlegget er ikkje tillete.

3.2 Utslepp frå reinseanlegget

Reinsa avløpsvatn kan sleppast ut i Fyresvatn i eksisterande leidning. Omløp frå reinseanlegget i samband med uhell kan sleppast ut same stad.

4. PLANAR OG TILTAK

Det stillas følgjande krav om planar og tiltak:

- Utredning om eige avløpsanlegg ved Telemark Springwater (TSW) 01.08.2001
- Val av avløpsløyving for TSW 01.10.2001
- Tiltak i samband med val av løysing for TSW:
 - Alt. 1: Ferdig utbygd reinseanlegg om TSW blir verande tilknytt 01.01.2003
 - Alt. 2: Fråkopling av TS 01.01.2003
- Naudsynt rehabilitering av leidningsnettet for å oppfylle krav om 70 prosent samla reinsegrad for avløpsanlegget. Kommunen bestemmer sjølv tiltak og gjennomføring. 01.01.2007

5. KRAV OM TILKNYTING TIL FELLES REINSEANLEGG

5.1 Prinsipp for tilknytning

Bustader og hytter i reinsedistriktet kan ha egne avløpsanlegg når ei kost/nytte-vurdering tilseier det, og forholde med omsyn til grunntilhøve og utslipp i vassmiljøet ligg til rette. Ved utrekning av kost/nytte skal mengde fjerna fosfor leggst til grunn. Om den reelle årskostnaden ved tilknytning er lågare enn årskostnaden for nytt separat reinseanlegg, type minireinseanlegg klasse 1, skal det krevjast tilknytning til kommunalt anlegg. Årskostnad for minireinseanlegg som vegleidande grenseverdi finn ein ved å summere årlege investering- og driftsutgifter (låneopptak med 20 års avdragstid for investeringa). I tillegg til fjerning av fosfor kan andre miljøeffektar takast med i vurderinga. Om tilknytning til kommunalt anlegg vil bidra til å løyse lokale miljøproblem med til dømes vannhygiene, lukt og tilgrising, kan kommunen krevje tilknytning sjølv om kostnadene er større enn denne grenseverdien.

5.2 Tilknytning av bustader

Det er ikkje stilt krav om auka tilknytning av eksisterande bustader eller hytter i reinsedistriktet. Førsetnaden er at kommunen har tilsyn med dei separate avløpsanlegga og vurderer tilknytning når desse anlegga må fornyast eller det kjem ny busetnad som gjev lågare kostnader i høve til nytta enn i dag.

5.3 Tilknytning av næringsverksemdar

Det er ikkje stilt krav om tilknytning av særskilde næringsverksemdar ut over dei spesielle vurderingar og vilkår som gjeld vedkomande Telemark Springwater.

6. SEPARATE AVLØPSANLEGG I REINSEDISTRIKTET - RAMMELØYVE

Kommunen delegerast mynde til å gje løyve til utslipp frå separate avløpsanlegg i reinsedistriktet innafølgjande ramme:

Det kan gjevast utslippsløyver for separate avløpsløyvingar slik at inntil 200 personeiningar ikkje er knytt til kommunalt avløpsanlegg.

Talet på utslippsløyver skal vere tilpassa kor langt kommunen har komen med avløpsoppryddinga, slik at summen av permanente separate anlegg og utslipp som skal knytast til på lengre sikt ikkje overstiger denne ramma.

For nye bustader og hytter skal avløpsvatnet reinsast ved infiltrasjon eller biologisk minireinseanlegg med kjemisk felling. Kravet gjeld frå det tidspunkt bygget er oppført. Same tekniske krav gjeld eksisterande bygg, men kommunen kan vurdere å gi løyve til sandfilteranlegg, biologiske reinseløyvingar eller avløp til tett tank der tilhøva ikkje ligg til rette for infiltrasjon eller minireinseanlegg - og det ikkje er aktuelt med fellesløyvingar verken i privat eller kommunal regi. For eksisterande bygg er det førebels ingen tidsfrist. Det skal likevel gjevast pålegg ved melding om større byggearbeid (hovudombygging).

Rammeløyvet gjeld ved sida av Førsegn om utslipp frå separate avløpsanlegg. I tilfelle der rammeløyvet gjev ei innstramming i høve til førsegna, er det rammeløyvet som gjeld.

7. KRAV TIL TRANSPORTSYSTEMET

7.1 Forureiningstap

Følgjande grenseverdi gjeld:

år 2007

Forureiningstap (lekkasje og avlasting) som del av tilknytt forureiningsproduksjon, rekna som fosfor på årsbasis:

15 prosent

7.2 Olje – og bensinutskiljing

Oljehaldig avløpsvatn skal behandlast etter Førsegn om utslipp av oljehaldig avløpsvatn og om bruk og merking av vaske- og avfettingsmiddel. Følgjande verksemdar med vaskeplass eller smøre/servicehall skal ha oljeutskiljar: bensinstasjonar, motorverkstader, bussterminalar, verkstader og klargjeringsstader for kjøretøy, anleggsmaskiner og skinnegåande materiell, anlegg for understellsbehandling, oppsamlingsplass for bilvrak. Etter utskiljing skal innhaldet av olje i utslipp frå vaskeanlegg for bilar vere mindre enn 100 gram olje pr. kbm. For dei andre verksemdene skal oljeinnhaldet vere mindre enn 50 gram olje pr kbm.

7.3 Fettutskiljing

Verksemdar med fetthaldig avløpsvatn kan sleppe ut inntil 150 gram fett pr. kbm.

7.4 Tekniske krav :

Nyanlegg og vedlikehold av transportsystemet skal vere i samsvar med god VA-praksis.

8. KRAV TIL REINSEANLEGGET

8.1 Kapasitet

Reinseanlegget skal til ei kvar tid ha kapasitet til å handtere den mengda avløpsvatn som vert produsert.

8.2 Reinseeffekt

Reinseanlegget skal ha stabil drift. Krav til gjennomsnittleg reinseffekt på årsbasis:

år 2003

Fosfor	minst 85 prosent
Organisk stoff	minst 85 prosent

8.3 Omløp

Omløp kan berre nyttast til avlastning i samband med uhell.

8.4 Støy

Reinseanlegget skal ikkje gje støy i nabolaget over gjeldande grenseverdier knytt til Plan- og bygningslova.

9. AVLØPSLAM

9.1 Kvalitetskrav

Slammet skal tilfredsstille krava i Forskrift om avløpsslam.

9.2 Slamhandtering

Handteringa skal vere i samsvar med Forskrift om avløpsslam. Ved behov for mellombels lagring eller for deponering av slam, må det ligge føre løyve frå Fylkesmannen.

9.3 Bruk av slam:

Minst 75 prosent av produsert slam skal nyttast til jordbruksføremål, til grøntareal eller til toppdekke på avfallsdeponi.

10. UTSLEPPSKONTROLL

10.1 Reinseanlegget

Det skal takast følgjande prøver frå innløp og utløp:

Parameter	Tal på prøver pr. år	Prøvetype	Tal på prøver ved utrekning av gjennomsnitt og høgaste verdi
Fosfor (total-P)	8 *)	Vekeblandprøve	8
Organisk stoff (KOF)	8	Vekeblandprøve	8

*) Gjeld frå 2003 om Telemark Springwater då er tilknytt, og reinseanlegget er bygd ut med kjemisk reinsing.

Krav om måleprogram gjeld førebels. Måleprogrammet kan berre reduserast om det er fastsett eller godkjent av Fylkesmannen.

Varighet av omløp frå reinseanlegget på grunn av uhell skal registrerast.

10.2 Leidningsanlegget

Varighet av overløp frå pumpestasjonar (avlastning på grunn av mykje vatn eller på grunn av uhell) skal registrerast.

10.3 Krav til målingar

Prøver skal takast proporsjonalt i høve til vassmengde. Vassmengde skal målast med mindre enn 5 prosent usikkerhet. Uttak av vassprøve skal gjerast med mindre enn 10 prosent usikkerhet. Analyser skal gjerast ved akkreditert laboratorium.

11. KRAV TIL OVERVAKING AV VASSMILJØET

Det er ikkje sett krav til fast overvaking, men kommunen skal medvirke til undersøkingar som har relevans til utslepp frå reinsedistriktet, m.a. regionale undersøkingar samordna av Fylkesmannen. Vidare kan kommunen påleggjast å syte for undersøkingar av lokale forureiningsverknader.

12 OVERSKRIDINGAR

12.1 Utslepp på grunn av uhell

Større uhellsutslepp som startar på vekedagar skal stoppast straks, og seinast i løpet av 24 timar. Uhellsutslepp som starter i helgene eller på offentlege høgtidsdagar skal stoppast i løpet av 72 timar. Faren for uhellsutslepp grunna slitasje og feil på utstyr skal minimaliserast. Vedlikehaldsprogrammet i kommunen må rettast inn mot dette. Relevant reserveutstyr skal finnast på lager i kommunen eller hos lokal leverandør. Om lokal leverandør nyttast, skal det liggje føre førehandsavtale med kommunen.

12.2 Utslepp i samband med vedlikehald og omlegging

Vedlikehald eller omlegging som vil gi større overskridingar skal være godkjent på førehand av Fylkesmannen.

12.3 Avvikshandsaming

Avvikshandsaming på avløpsområdet skal takast inn i kommunen sitt HMS-system.

13. RAPPORTERING

13.1 Årsrapport

Oppdaterte opplysningar om avløpsanlegget og resultater frå eitt års drift skal rapporterast til Fylkesmannen før 15. mars året etter. Som minimum skal følgjande rapporterast:

1. Alle aktuelle opplysningar det blir beden om i felles, rutinemessig rapporteringsordning for sektoren (Sesam og Kostra).
2. Avvik frå krav i utsleppsløyvet. Rapportert særskilt til Fylkesmannen (kan gjerast gjennom årsrapport fra Driftsassistansen).

13.2 Rapportering av uhellsutslepp

Uhellsutslepp som kan gi alvorleg forureining skal rapporterast til Fylkesmannen straks. Rapporten skal omtale utsleppet og gjere greie for tiltak som er gjort.

VEDLEGG 2:

GENERELLE VILKÅR

Vedlegg til utsleppsløyve gjeven av Fylkesmannen i Telemark

Ansvar

Den som har fått løyvet er ansvarleg for at anlegget vert halde vedlike og drevet slik at utsleppet til ei kvar tid er i samsvar med krava i utsleppsløyvet. Brot på krava er straffbart etter kap. 10 i forureiningslova. Løyve til utslepp frittek ikkje for erstatningsansvar etter dei ålmenne erstatningsreglar og innhenting av løyve for andre sider av verksemda som til dømes arbeidsmiljø, brann og eksplosjonsvern.

Forureiningsgebyr

Den som har fått utsleppsløyve kan bli pålagt forureiningsgebyr ved overskriding av eventuelle tidsfristar, jfr. forureiningslova kap. 9 § 73.

Endring av vilkår, tilbaketrekking av løyvet

I medhald av forureiningslova § 18 kan Fylkesmannen oppheve eller endre vilkåra i løyvet eller fastsette nye vilkår. Om naudsynt kan ein trekke løyvet attende. I alle høve kan løyvet trekkast attende eller endrast når det har gått 10 år frå det vart gjeve.

Inspeksjon og varsling:

Den som har fått løyvet plikter å la representantar for forureiningsstyresmaktene inspisere anlegget til ein kvar tid, jfr. forureiningslova § 50.

Juridiske virkeområdet for løyvet

Løyvet er underordna forureiningslova og overordna nasjonale og regionale føresegner, retningslinjer og vegleiingar.

Kompetanse

Tilsett eller leigd personell som byggjer eller driv leidningsnett og reinseanlegg skal ha naudsynt kompetanse.

Systematisk arbeid med helse, miljø og tryggleik

Kommunen pliktar å ha etablert HMS- system, jfr. HMS- føresegnene. Krav som er fastsett etter til dømes forureiningslova skal følgjast opp systematisk. Fylkesmannen som forureiningsmynde er blant dei sektorstyresmakter som vil drive systemrevisjon etter føresegna.

Planlegging

Kommunene skal ha ein avløpsplan som er i samsvar med utviklinga i reinsedistriktet og statlege krav. Oppdatering bør skje i samband med rullering av arealdelen i kommuneplanen.

VEDLEGG 2:

GENERELLE FØRESETNADER OG DEFINISJONAR

Vedlegg til utsløppsløyve gjeven av Fylkesmannen i Telemark

Føresetnader

Fosfor	1 personeining	1.6 gram P pr. døger	0.58 kg P pr. år
Fosfor	1 person i bolig	0.83 personeiningar	0.48 kg P pr. år
Fosfor	1 ansatt i verksemd	0.45 personeiningar	0.26 kg P pr. år
Nitrogen	1 personeining	12 gram N pr. døger	4.38 kg N pr. år
Organisk stoff	1 personeining	46 gram BOF pr. døger	16.8 kg BOF pr. år
Organisk stoff	1 personeining	94 gram KOF pr. døger	34.3 kg KOF pr. år
Suspendert stoff	1 personeining	42 gram SS pr. døger	15.3 kg SS pr. år

Definisjonar

Reinsedistrikt:		Avgrensa geografisk område der sanitært avløpsvatn primært skal førast til kommunalt avløpssystem. Reinsedistrikta vert definerte av kommunen. Område utanfor reinsedistrikta blir sett på som varig spreidd busetnad og skal ha separate avløpsløyser.
Saneringsplan:		Samordna plan (tiltaksplan) for tiltak i et avløpsområde. Inneheld utgreiing av tilstanden til avløpsanlegga og forslag til handlingsprogram.
Personekvivalent – pe: (personeiningar)		Spesifikk forureining eller vassforbruk pr. person pr. døgn. Avløpsmengder frå industri og andre verksemder vert ofte omrekna til pe-einingar.
Forureiningsproduksjon		Summen av utsløpp frå personar og verksemder i reinsedistriktet. Utsløpp av prosessvatn frå verksemder som det ikkje er aktuelt å knyte til avløpsnettet, takast ikkje med
Tilknytingsgrad:		Del av personeiningar i reinsedistriktet som er knytt til avløpsnettet
Transportsystemet verknadsgrad:	sin	Del av tilknytt forureiningsmengde som når fram til eit punkt i avløpsnettet (t.d. eit reinseanlegg). Totalfosfor vert oftast nytta som parameter for forureiningsmengde. Det vert for tida brukt ei spesifikk produksjonsmengde på 1.6 gram fosfor pr. personeining i døgn.
Tilføringsgrad:		Del av samla forureiningsmengde i reinsedistriktet som når fram til reinseanlegget. Tilføringsgrad = Tilknytingsgrad x Verknadsgrad
Reinsegrad:		Del i prosent av forureiningsproduksjonen i reinsedistriktet som ikkje går til utsløpp
Tillate utsløpp:		Del i prosent av forureiningsproduksjonen i reinsedistriktet, målt som til dømes P, som kan sleppast ut.
Naudoverløp:		Overløp frå leidningsnett eller reinseanlegg i samband med uhell (tiltetting, straumstans, maskinhavari m.m.)
Avlastningsoverløp:		Overløp frå leidningsnett eller reinseanlegg når vassmengda er større enn kapasiteten på anlegget.